



Sak nr D- Vår dato: Vår referanse:  
02.04.2019 2008/1102-409353/2019

Vår saksbehandlar: Direkte telefonnr.: Dykkar dato: Dykkar referanse:  
Jorunn Alise Steinsvåg 53 42 30 22

HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET  
Teatergata 9  
0180 OSLO

## HØYRING – NOU 2018:16 : «DET VIKTIGSTE FØRST»

### Saksprotokoll i Kommunestyret - 01.04.2019

#### Vedtak:

Kommunestyret gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med rådmannen sitt framlegg slik:

1. Kommunestyret sluttar seg til prinsipp for prioritering slik det går fram av NOU 2018:16. «Det viktigste først».
2. Det må prioriterast og utviklast ein grundig prosess og konkrete verktøy, som gir kommunane kunnskap gjennom opplæring og vegleiing i høve å praktisere prinsipp for prioritering. Dette må rettast mot politisk, administrativt og fagleg nivå. Det må takast høgde for at dette krev både tid og ressursar til implementering.
3. I det vidare arbeid og prosess må ein ha fokus på å klargjere grenser mellom å utøve lokalt skjøn ved prioriteringar og nasjonalt fastsette prinsipp.
4. Det må nasjonalt prioriterast og styrkast å utvikle system og modellar for at ein i større grad skal ha tilgang til systematisk kunnskap og dokumentasjon over effekt av tiltak i helse og omsorgstenestene. Dette gjennom forskning og kunnskapsbasert praksis. Dette i eit samarbeid med kommunar og fylkeskommunar.

Med helsing  
Bømlo kommune

Jorunn Alise Steinsvåg  
Avdelingsleiar/formannskapssekretær  
*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*